BUNADOPPLÆRINGA

Modul 3
Sting, saum og brodering

Innhald
Denne modulen skal gje deltakarane kjennskap til ulike sting- og broderiteknikkar som blir og har vore nytta på folkedraktene.

Omfang

- **Prøvelappar på sting:**
  Attersting, kastesting, faldesting, indresaum, pikesting, spilsaum, kryssesting, prikkesting.
- Diverse sting i vadmel (gjentaking av nokre av stinga, men i tjukkare materiale)
- Stakkekantar frå Åmli- 2 stk.
  Stakkekant med skoning, snor og linning
- Knappehull og forsterkningar
  Fleire variantar i ull, lin og bomull (8stk)
- **Prøvelappar på broderi:**
  Åmli forkle (sparesaum), Vest-Agder plattsaum, Setedals broderi.
  Leggsaum, kontursting, tungesting, kjedesting, mille fleur sting, franske knutar, korssting
  Austmannarenning, holbeinsting, hullgrunn
  Dobbel og enkel utrekksaum

Foredrag om vask og stell av tekstilar

Ein oppmodar om fordjuping og undersøking i eiga distrikt.
Variasjonar og namn vil da variere

Læringsmål

- Velja å bruke historisk riktige produksjonsteknikkar på rett bunad.
- Brodere og utføre ulike prydsaumteknikkar med for eksempel ullgarn.
- Kunne sy saman plagg ved hjelp av ulike samansyingsteknikkar teknikkar for hand og maskin.
- Kunne leggje opp og brette plagget ved hjelp av ulike saumteknikkar

Deltakarane sitt utstyr:

- Perm
- Plastlommer
- Skrivesaker
- Bomullstråd, kvit + assorterte fargar
- Tråkletråd
- Synåler
- Knappenåler
- Målband
- Sømometer
- Saks
- Kritt
- Voks
- Lampe (om du har behov for godt ljos)

Kurslærar tek med anna nødvendig materiell for kurset. Utgifter for materiell vil koma på kr. 400,-. Dette betalast til kurslærar.